



## Til: Vedlagte høringsliste

Knarvik, 23. juni 2023

### 3. gongs begrensa Høyring og offentleg ettersyn - «Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland»

Det Interkommunale planutvalet gjorde følgjande vedtak (vedlagt) i møte 16.06.2023 i sak 15/23:

*«I medhald av plan og bygningslova § 5- 2 legg det Interkommunale Planutvalet den interkommunale planen for sjøareal for Region Nordhordland med plankart, planskildring og føresegner på 2. gongs begrensa høyring og offentleg ettersyn.»*

#### Kva saka gjeld

Kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal har i fellesskap utarbeida eit forslag til interkommunal plan for sjøareala i kommunane (planen), jf. plan og bygningslova (pbl.) §§9-1, 9-2 og 9-3. Det interkommunale planutvalet (IKPU) har fått mynde til å sende planen ut på høyring og offentleg ettersyn. Planen bygger på rammene i planprogrammet som vart vedteke av IKPU juni 2021 og den planen som var på 2. gongs høyring. Endringane som er gjort i forslaget ved 3. gongs høyring er mindre og går fram av saksutgreiinga.

Interkommunal plan for sjøareal er ein plan på kommuneplannivå, jf. pbl. kap. 9. Det skal fastsettast juridisk bindande arealbruk med føresegn og retningslinjer. Den interkommunale planen vert presentert samla, men kvar kommune skal til slutt gjere vedtak om sitt sjøareal som bygger på ein samla regional plan. Planen er utarbeidd etter planprosessreglane, jf. pbl. kap. 11.

#### Kva område gjeld planen for

Planområdet omfattar sjøareala i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal. Planområdet gjeld berre sjøområda. Det vil sei frå flomålet i elveosar, vassflata, vassøyla ned og sjølve sjøbotn. Avgrensing ut i sjø er 1 nautisk mil utanfor grunnlinja og etter rammene elles i hamne- og farvannslova.

#### Målet med planen

Eit hovudføremål med planlegging etter pbl. er å fremme berekraftig utvikling og bidra til samordning av statlege, regionale og kommunale oppgåver. Areal- og samfunnsplanlegging er ein sentral del av kommunane sitt arbeid med samfunnsutvikling.

Planen skal vere ein arealplan for sjøareala, der heilskapen blir ivaretatt over kommunegrensene og at det utviklast langsiktige rammer for berekraftig arealbruk, forvaltning og verdiskaping i sjøområda. Planen skal munne ut i ein juridisk bindande plan på kommuneplannivå.

## Perioden for høyring og offentleg ettersyn

### 1) Medverknad

Planen omfattar dei åtte kommunane; Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal. Dette er ei begrensa høyring og vert som utgangspunkt sendt til dei partane som er direkte berørt av endringane som er foreslått i 3GH. Sjølv om det er begrensa høyring er det opent for innspel frå andre.

### 2) Planforslaget – med dokument

Informasjon, oversikt og tilgang til planforslaget finn ein her:

- a. [3. gongs begrensa høyring og offentleg ettersyn - Planforslag for Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland - Region Nordhordland](#)
- b. Under «Høyring og kunngjering» og / eller «Aktuelt» på heimesida til dei deltakande kommunane
- c. Dei som ønskjer kart i SOSI format kan henvende seg med epost til [terje.villanger@alver.kommune.no](mailto:terje.villanger@alver.kommune.no)

**Høyringsfrist for å kome med skriftleg merknad er 14. august 2023. Den fristen må haldast av omsyn til framdrifta.**

**Alle merknadar skal merkast** - «3. gongs Høyring Interkommunal plan sjøareal» (emnefeltet i e-post), og sendast til [post@regionnordhordland.no](mailto:post@regionnordhordland.no)

Dersom ein ikkje har tilgang til e-post, kan merknaden sendast som brev til:  
Region Nordhordland IKS, Kvassnesvegen 23, 5914 Isdalstø

Har du spørsmål eller ønskje om nærare avklaring kan du ta kontakt med:

- Hans Kristian Dolmen: [hans.kristian.dolmen@alver.kommune.no](mailto:hans.kristian.dolmen@alver.kommune.no)
- Bent Gunnar Næss: [bent.gunnar.naess@regionnordhordland.no](mailto:bent.gunnar.naess@regionnordhordland.no)

Med venleg helsing

Halvard Oppedal(sign)  
Leiar  
Interkommunalt planutval

Bent Gunnar Næss (sign)  
Prosjektmedarbeidar  
Region Nordhordland IKS